

gudbrandsdølens spelmannslag




O S L O

T

TA:LIK TA136CD



gudbrandsdølens spelmannslag



Gudbrandsdølenes spelmannslag er:

Bjørn Kåre Odde | Elise W. Hildrum | Olaug Furusæter
Sigrid G. Listuen | Kari Marte Haugstad | Hallgrim Ulvik Haug
Johannes Selvaag | Ingeborg U. Sommer | Sigrid Stubsveen
Mari S. Ljones | Helene Høye | Nina Fjeldet | Trude Hagseth
Sigrun Berstad | Laura Ellestad | Eivind Kjorstad | Aslak Brimi

Gudbrandsdølenes spelmannslag dyrkar den rike folkemusikktradisjonen frå dalen som har gjeve laget namn. Allereie på seksti- og syttitalet søkte utflytta gudbrandsdøler i Oslo saman for å spela, og ein ny generasjon spelmenn tok opp tråden tre tiår seinare. Dei aktive i dag har røter frå ulike tradisjonsområde i Gudbrandsdalen og har funne kvarandre gjennom interessa for tradisjonelt slåttespel. Med meisterspelmannen Aslak Brimi i spissen, har laget freista å lyfte fram det tradisjonelle lagspelet, og sidan byrjinga i 2008 har vi hatt æra av å sigre i lagspelklassa på Landskappleiken - fem år på rad!

Hans Holen

[ADAD]

Arr.: Aslak Brimi

Vi vil heidre Hans H. Holen (1930-2011) frå Vågå med denne hallingen. Hans brukte nemninga *Hallingen hass Gamel-Jakup Haugje*, og Hans var nok den som bærga leiken. I mange år var han ein aktiv spelmann i Vågå spelmannslag og ivrig kappleiksdeltakar. Aslak har lært leiken av far sin Rolv Brimi, og det er Aslak som har forma leiken slik vi spelar han her.

Budeiun på lokkarhaug

[AEAE]

av Sjugurd Garmo

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Sjugurd Garmo (1896-1991) var frå Garmo i Lom, og aktiv i Lom spelmannslag frå oppstarten av laget i 1942. Saman med kona Helene var han mykje på setra, og seterlivet og naturen ga inspirasjon til mykje av den fine musikken han laga. Han var av dei fyrste som tok til å lære frå seg sjølvlagda leikar til andre i spelmannslaget. Ein «lokkarhaug» var ein haug eller ei høgde som budeia sto på når ho lokka på kyrne. Vi har lært springleiken av Kristen Odde frå Garmo.

Havryjudilten

[GDAE]

av Sjugurd Garmo

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Mange av leikane Sjugurd laga fekk namn frå fjellområdet rundt setra. Mellom anna er det eit område som heiter Havryju, og hit gjekk nok Sjugurd mang ein gong for å hente kyrne heim til setra.

Holshågårn

[ADAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Denne springleiken har vi lært av opptak med Bjørner Holshagen (1924-2004) frå Heidal. Han var ein av fire brør som spelte fele. Bjørner lærte slåtten av onkelen sin, Kristian Steinstuen (1891-1969). Hør opptaket av Bjørner på TA124 spor 28.

Bjøynnmasurka

[GDAE]

av Bjørn Odde

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Bjørn Odde frå Garmo er av dei viktige nolevande kjeldene i Lom. Han er av læremestrane til fleire i laget, og har vore aktiv på kappleikar og i folkemusikk- og gammaldansmiljøet i ein mannsalder. Bjørn laga denne masurkaen da han for nokre år sidan «gjekk i hi» med isjas.

Bror åt storvalsen

[GDAE]

Det vert sagt at denne store og gilde valsen er etter Fel-Jakup (1821-1876) frå Skjæk. Han blir rekna som ein meisterspelmann på flatfele, og i folkemusikkhistoria har han tilsvarende posisjon på flatfele som Myllarguten har på hardingfele. Han var mykje etterspurd som musikar ved bryllaup og andre festlege høve. Han reiste mykje rundt og var ein namnspurt spelmann langt utanfor sitt eige dalføre. Vi har lært valsen av Knut Kjøk frå Garmo.

Vetlhagjen

[ADAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Denne spreke springleiken blir også kalla *Per Vetlhågå*, og vi har lært han av Ole Foss frå Lom.

Gamel-Eirik

[ADAE]

Arr.: Maja G. Toresen/Bjørn Kåre Odde.

Dette er ein halling som er mykje brukt i fleire tradisjonsområde. Utgangspunktet for versjonen vi spelar av Gamel-Eirkhallingen er frå Knut Kjøk. *Ei anna form kan du høre på TA25CD CD2 spor 16.*

Per Spelmann

[AEAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Vi har denne valsen frå plata *Slåttespel frå Lom*, som Bjørn Odde og Amund Bjørgen vann spelmannspris for i 1993. Per Spelmann (1830-1907) heitte egentleg Per Kringelhaugen, var frå Bøverdalen i Lom, og var av dei som lærte av og spelte mykje med Fel-Jakup.

Storskotsken

[GDAE]

Arr.: Dag Gården / Bjørn Kåre Odde /

Aslak Brimi

Ein av dei viktigaste kjeldene i Lom, Ola Moløkken (1871-1957), lærte denne leiken av Lars Kjørren (1826-1890). Lars vart kalla «Else-Lars», og derfor blir leiken ofte kalla *Storskotsken hass Else-Lars*. Vi har slåtten frå Knut Kjøk.

Jutul'n og Blessomin

[ADAD]

av Inge Gjevre

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Inge kjem frå Vågå, og dette er ein av mange flotte leikar han har laga. Han er aktiv både på trekkspel og torader, og er både Landskappleik- og Landsfestivalvinnar mange gonger. Aslak har forma leiken slik vi spelar han her.

Fjelltiten

[GDAE]

av Sjugurd Garmo

Arr.: Aslak Brimi

Denne hallingen har fått namnet til den spenstige og grasiøse fjelltiten, som er det lokale navnet på fuglen heilo.

Gamelgauken

av Erling Kjøk

og *Københavner'n*

[GDAE]

Erling Kjøk (1913-1999) frå Garmo er av dei store folkemusikk-kjeldene i Gubrandsdalen både for vokal folkemusikk og felespel. Han hadde ein særeigen stil og tonalitet. *Københavner'n*, ofte omtala som ein *Per Spelmannleik* eller ein *Fel-Jakupleik*, er av dei mest brukte springleikane i Norddalen. Det finst variantar av melodien i fleire omkringliggjande distrikta, til dømes på Røros der namnet *Københavner'n* er mest brukt på han. Vi har både springleiken og arrangementet frå Knut Kjøk.

Lykkjevals

[GDAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

Vi har lært denne frå eit opptak med Bjørn Odde. Opptaket er frå minnekonserten etter Hans W. Brimi (1917-1998), og Bjørn fortel her at dette var den første valsens han lærte av Hans. Hans var ein av mange dyktige og aktive spelmenn i Lom frå 30-talet og utover, og han fulgte i tradisjonen etter Sjugurd Garmo med å laga musikk sjølv, både gammaldans og slåttespel. Hans lærte denne valsens av Ola Moløkken (1871-1957), lokalt omtala som «Lykkjen», og denne valsens er da ein lykkjevals.

Gudbrandsdøl'n

[ADAE]

Arr.: Helene Høye

For slåttemusikken i Midtdalen var Redvald Fjellhammer (1915-1990) fra Sør-Fron ei av dei viktigaste kjeldene i moderne tid. Redvald kalla denne leiken for *Gudbrandsdalsspringdansen*. Vi har lært den av Helene, som har den med seg frå miljøet i Sør-Fron spelmannslag, der ho var aktiv på 80- og 90-talet.


Farvel, Banksjefen

[AEAE]

av Aslak Brimi

Arr.: Aslak Brimi

Det har alltid vore venskapleg kniving mellom Gudbrandsdølenes spelmannslag og Gamlebanken spelemannslag, der Synnøve Bjørset er leiar. Da Synnøve var ferdig på Norges musikkhøgskole i Oslo våren 2014, og flytte attende til Jølster, var det «farvel-fest» for ho i Jens Bjelkesgate. Dette var fyrste gongen hallingen vart spelat utanom spelmannslaget, og vart der og da dedikert den eminente leiaren til vår arge konkurrent.





Gudbrandsdølenes spelmannslag plays the rich folk music tradition from the Gudbrandsdalen valley. In the 1960s and '70s, fiddlers who had moved from Gudbrandsdalen to Oslo got together to play. Three decades later, a new generation of fiddlers picked up the thread. Our group's active fiddlers have roots in various areas in Gudbrandsdalen and have come together based on a common interest in traditional fiddle music. With master fiddler Aslak Brimi in the lead, the group aims to refine traditional *lagspel* (ensemble playing), and since 2008 we have had the honour of winning the class for *lagspel* at *Landskappleiken*, Norway's annual national folk music competition, five years in a row!



Hans Holen [ADAD]

Arr.: Aslak Brimi

We have named this *halling* tune after Hans H. Holen (1930-2011) from Vågå, since he was probably the one who saved the tune from obscurity. Hans was an active member of Vågå spelmannslag for many years, and he was also an eager *kappleik* participant.

Budeiun på lokkarhaug

[AEAE]

by Sjugurd Garmo Arr.: Bjørn Kåre Odde

Sjugurd Garmo (1896-1991) was from Lom, and was active in Lom spelmannslag throughout his life. He was often at his summer mountain farm with his wife, Helene, and the landscape and lifestyle at the summer farm inspired much of the fine music he made. A *lokkarhaug* is a hill that a dairymaid stood on when she called the cows.

Havryjudilten [GDAE]

by Sjugurd Garmo Arr.: Bjørn Kåre Odde

Many of the tunes Sjugurd composed were named after areas in the mountains close to his summer farm. One such area is called Havryju, and Sjugurd probably walked here many times to bring the cows home to the summer farm.

Holshågårn [ADAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

We learned this *springleik* from a recording of Bjørner Holshagen (1924-2004) from Heidal. He was one of five brothers who all played fiddle. Bjørner learned the tune from his uncle, Kristian Steinstu (1891-1969). The recording of Bjørner can be heard on TA25CD CD2 track 16.

Bjøynnmasurka [GDAE]

by Bjørn Odde Arr.: Bjørn Kåre Odde

Bjørn Odde is one of the most important contemporary sources in Lom. He taught several of the members of our group, and has been active at *kappleikar* and in the folk music and *gammaldans* milieu for many years. Bjørn composed this *masurka* when he "went into hibernation" with sciatica several years ago.

Bror åt storvalsen

[GDAE]

This large, wonderful *vals* is said to be in tradition after Fel-Jakup (1821-1876) from Skjåk. He was considered to be a master fiddler, and in the history of Norwegian folk music, he occupies a similar position on regular fiddle as Myllarguten holds on Hardanger fiddle. He was in great demand to play at weddings and other festive occasions. He travelled a great deal and was a renowned fiddler far beyond his own valley.

Vetlhagjen [ADAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

This is an energetic *springleik* from Bøverdalens in Lom.

Gamel-Eirik [ADAE]

Arr.: Maja G. Toresen / Bjørn Kåre Odde

This *halling* is a common tune in several tradition areas. Our version of the tune is based on a form after the playing of Knut Kjøk. Another version of the tune can be heard on TA25CD CD2 track 16.

Per Spelmann [AEAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

We learned this *vals* from Bjørn Odde and Amund Bjørgen's album *Slåttemusikk frå Lom*. The album won a Norwegian Grammy (*Spelmannprisen*) in 1993. Per Spelmann (1830-1907) was actually named Per Kringelhaugen. He was from Bøverdalens in Lom, and was among those who learned from and played a great deal with Fel-Jakup.

Storskotsken [GDAE]

Arr.: Dag Gården / Bjørn Kåre Odde / Aslak Brimi

One of the most important sources in Lom, Ola Moløkken (1871-1957), learned this tune from Lars Kjørren (1826-1890). Lars was nicknamed "Else-Lars", and this tune is often called Storskotsken hass Else-Lars.

Jutul'n og Blessomin [ADAD]

by Inge Gjævre Arr.: Bjørn Kåre Odde

Inge is from Vågå, and this is one of many great tunes he has composed. He plays both accordion and two-row button accordion, and has had many victories at *Landskappleiken* and *Landsfestivalen*.

Fjelltiten [GDAE]

by Sjugurd Garmo Arr.: Aslak Brimi

This *halling* is named after the lively and gracious *fjelltit*, which is the local name of the golden plover (*heilo*).

Gamelgauken by Erling Kjøk

and København'r [GDAE]

Erling Kjøk (1913-1990) from Garmo was one of the great sources of vocal folk music and fiddle music in Gudbrandsdalen. He had a characteristic style and tonality. København'r, often referred to as a *Per Spelmann* tune or a *Fel-Jakup* tune, is one of the most common *springleik* tunes in the northern part of the valley.

Lykkjevals [GDAE]

Arr.: Bjørn Kåre Odde

We learned this tune from a recording of Bjørn Odde. The recording is from a memorial concert for Hans W. Brimi (1917-1998). Hans was one of many talented, active fiddlers in Lom during the 1930s and onwards, and he followed in the tradition after Sjugurd Garmo by composing both *gammaldans* and *bygdedans* tunes.

Gudbrandsdøl'n [ADAE]

Arr.: Helene Høy

Redvald Fjellhammer (1915-1990) from Sør-Fron was one of the most important sources of tunes in the central part of the valley in recent times. Redvald called this tune *Gudbrandsdalsspringdansen*. Helene learned the tune while playing in Sør-Fron spelmannslag.

Farvel, Banksjefen [AEAE]

by Aslak Brimi Arr.: Aslak Brimi

There has always been a spirit of friendly competition between Gudbrandsdølenes spelmannslag and Gamlebanken spelmannslag, which is led by Synnøve Bjørset. This tune is dedicated to the eminent leader of our great rival.



Foto: Johannes Selvaag
Grafisk formgjøving: Heidrun Laugsand

Til inspirasjon og irritasjon

På kappleiksscena er vi dei argaste konkurrentar. Vi ladar opp med slåande og sylskarpe kommentarar på vårt eige skitkastingsforum. Og vi har lete det gå sport i å fornærme kvarandre. Inga lukka er stå stor som å slå den andre godt ned i støvlane, vere seg på kappleik eller i retorikkens heite basketak.

Gudbrandsdølenes spelar umåteleg godt, og somme gonger har det nesten vore fortent at dei slo oss. Samstundes veit vi at dei ofte stiller seg spørsmålet "korleis ville Gamlebanken ha gjort dette?".

Vi ønskjer Gudbrandsdølenes til lukke med knakande godt spel på ny plate. Det er nett som vi skulle gjort det sjølv!

Beste helsing frå Gamlebanken og banksjefen.

Musikalsk leiar: Aslak Brimi **Lydteknikk/Mastring:** Fridtjof A. Lindeman **Grafisk formgjeving:** Heidrun Laugsand **Foto:** Johannes Selvaag **Tekst:** Hallgrim Ulvik Haug, Helene Høye, Bjørn Kåre Odde og Aslak Brimi **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Innspeling:** Mailand videregående skole, april 2015 **Økonomisk stønad:** Norsk kulturråd, Sparebank 1 Gudbrandsdal, Sparebank 1 Lom og Skjåk og Gudbrandsdal folkemusikklag

Takk til Mailand videregående skole for lån av lokale til innspelinga, og takk til Fridtjof for godt samarbeid med opptaka. Takk til Heidrun for fint grafisk arbeid og kul tiger, og til vår eigen Johannes for gode bilde! Takk til Even Lusæter for språkvask. Takk til alle kjelder og tradisjonsberarar som har vidareført denne fantastiske musikken til oss.

©2015 ta:lik | info@talik.no | www.talik.no | ©2015 Gudbrandsdølenes spelmannslag
www.facebook.com/gudbrandsdolenes | gudbrandsdolenes@gmail.com



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

SpareBank
LOM OG SKJÅK

SpareBank
GUDBRANDSDAL



ta:lik

- 1 HANS HOLEN
- 2 BUDEIUN PÅ LOKKARHAUG
- 3 HAVYRJUDILTEN
- 4 HOLSHÅGÅN
- 5 BJØYNNMASURKA
- 6 BROR ÅT STORVALSEN
- 7 VETLHAGJEN
- 8 GAMEL-EIRIK
- 9 PER SPELMANN
- 10 STORSKOTSKEN
- 11 JUTUL'N OG BLESSOMIN
- 12 FJELLTITEN
- 13 GAMELGAUKEN/KØBENHAVNER'N
- 14 LYKKJEVALS
- 15 GUDBRANDSDØL'N
- 16 FARVEL, BANKSJEFEN



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

©2015 ta:lik | info@talik.no | www.talik.no

©2015 Gudbrandsdølenes spelmannslag | gudbrandsdolenes@gmail.com

nCb | TA136CD | Information in english inside booklet



7090010521360